

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 3. forts. ~~nr. 2.~~

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Randaberg

Emne: ~~Transport av høy~~ ^{Brynet.}

Bygdelag:

Oppskr. av: T. Goa

Gard: Goa

(adresse): ~~Eiganesveien 24, Stavgr.~~ G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Emne 2 forts.

I dei siste åra ~~er det~~ har sume teke til å køy-
inn høyet med traktorar.

Dei andre spørsmåla har ingenting med Flatjæren
å gjera.

Emne nr. 3.

Spursmål 1.

- a. Det vanlege namn var för kvass-stein.
- b. Hein var heime hjå oss namnet på eit særleg "fint" bryne, d.v.s. eit bryne til å laga fin egg.
- c. Nå brukas mest berre kunststein. I min barn-
dom brukte me berre naturstein. Kvass-steinar vart all-
tid kjøpt hjå handelsmenn i byen. Kvar steinane kom frå
hadde ingen greie på. Tilfang av slik stein fanst ikkje
i Randaberg.

Spursmål 3.

Treskjærarar var det ingen av i vår bygd, difor
heller ikkje noke treskjærarverky i vanleg meining.
Dersom ein kveste barberkniven sin sjölv, måtte ein nok
bruka hein. Alt anna verky vart kvest på slipestein,
og etterpå finkvasset med bryne.

Spursmål 4.

Ingen hugsar no lenger at ljåen vart tynna ut

er avskrevet.

Enne nr. 3. Spørsmål 4 forts.

med hamar. Men far fortalde at dei gjorde det då han var yngre.. Han meinte at eggji heldt seg lenger då enn når ljåen vart slipt. Dei andre spørsmåla kan eg ikkje svarapå. Dei andre eg har spurt, veit ingen ting i det om det å hamra egg på ljåar.

Spørsmål 5.

Höveltenner og hoggjarn vart för som no brynt på stilleligjande bryne. Til all anna bryning heldt ein brynet i handå. På alle dei andre spørsmåla måeg svara: Ukjendt.

Spørsmål 6.

? ? ?

Spørsmål 7.

Eit bryne.

Spørsmål 8.

Ljåen på langorv tek ein av, på stutturv ikkje. Sume heldt eggjimfrå seg, andre mot seg.

Spørsmål 9.

Når ein kveste stutturvljå, heldt ein orvet i ~~xxxx~~ handam og brynte omlag som ein bryner ein kniv. Langorvet vart endevendt med ljåen opp og fråsegvendt. So förde ein brynet i skråvinkel mot eggji vekselvis på kvar sida.

Spørsmål 10.

I gamle dagar brukte og kjende folk til "skolp" og "kådehok". No til dags er det ingen som kjenner til desse orda.

Spørsmål 11 - 20

Ukjendt.